

REGI: JACK FJELDSTAD

TEATERSENTERET BIKUBEN

Sidan starten i september i fjor er medlemstalet i Teatersenteret Bikuben nå over 1500, og vi kan sjå tilbake på ei manggreint verks- emd. Over 100 arrangement, rund- borddebattar, foredrag, opples- ingskveldar, samtalar mellom for- fattarar, skodespelarar og publi- kum, jazzkveldar og konsertar, musikk- og ballettprogram, er av- vikla.

Noko av det mest vellukka — sett frå vår synsstad — har vore samtalane med publikum oppe på balkongen. Vi trur at ein slik ut- vida kontakt med publikum kan verka som ei vitaminsprøyte på norsk dramatik og norsk teater.

Som medlem i Bikuben kjem De inn på framsyningane til halv pris (kr. 4,—, 5,— og 6,—) og i dei hyggelege kjellerlokala etterpå til kr. 2,—. Senteret har ope kvar kveld (ikkje sundag). Medlems- kortet kostar kr. 5,— pr. halvår, og ein kan kjøpe det eller tinge det på kontoret vårt. Telefonen er 20 02 44.

Vi ynskjer Dykk vel møtt i Teater- senteret Bikuben!

PÅ HOVUDSCENEN SPELAR VI NO:

Henrik Ibsen: «Vildanden» — premiere 18. januar. Instruksjon: Tormod Skagestad. Dekor og kostyme: Arne Walentin.

PÅ TURNÉ:

Harold Pinter: «Fødselsdagsel- skapet» — premiere i Ålesund 18. januar. Instruksjon: Finn Kvaem/Ola B. Johannessen. Dekor: Snorre Tindberg. Ko- styme: Randi Skahjem.

Programmet:
Framsida: Rolf Graff. Tekst og teik- ningar: Pål Nordenborg.

DE FEM

AV GUNNAR BULL
GUNDERSEN

BIKUBEN • ABC-TEATRET



DE FEM

Av Gunnar Bull Gundersen

INSTRUKTØR: JACK FJELDSTAD.
— DEKOR: DAG FROGNER. —
KOSTYME: RANDI SKAHJEM.

DEI SOM ER MED:
WALTER: ALF MALLAND. —
WERNER: ERIK ØKSNES. —
FREDERIK: STIG EGEDE-NISSEN.
BERNHARD: NILS ØLE ØFTEBRØ.
KURT: ROLF ARLY LUND.

Speletid: Om lag 1¼ time. 15 minutt pause mellom aktene.



«DE FEM» er ikkje eit dokumentarisk skodespel, endå om det ikkje er nokon grunn til å dølje at gruveulukka i Lengede i Vest-Tyskland for nokre år sidan er den hendinga som gav bakgrunn for eit slikt motiv — ein kan kalle det «livbåt-motivet».

Den spanande og ytre, autentiske ramma er ein gjeng gruvearbeidarar innesperra i ei sjakt 70 meter under jordoverflata. Vi går ned til dei fem — Walter, Werner, Frederik, Kurt og Bernhard — på den sjuande dagen etter katastrofen, på eit tidspunkt då ei omstendeleg forklaring på **kvifor** dei ter seg som dei gjer, ikkje lenger interesserer. Det har vore viktig for forfattaren å trengje så djupt ned i livbåt-motivet som mogeleg. I staden for å gje oss livshistoria til kvar einiskild, byrjar han der dei endar: med kva dei fem då får ut av samværet med kvarandre.

Forfattaren vil syne oss at når desse menneska vinn å overleva, trass i dødsangesten — det ljaset som i staden for ei velsigning er ei freisting or det inste mørkret — er det kan hende nettopp fordi dei i angesten og uvissa har skipa sitt eige vesle, nærmast absurde samfunn.

P. N.



GUNNAR BULL GUNDERSEN er fødd i Stavanger 1927. Han er utdana styrmann, har vore til sjøs, og var sekretær i Statens velferdsteneste for handelsflåten då han debuterte i 1956.

«De fem» er det første stykket han har skrive for teaterscenen — og den fjerde norske upremieren på Bikuben.

«Om natten» var den første romanen han skreiv. «En bakgårdsfantasi» var undertittelen. I 1959 følgde romanen «Martin». For den vart han heidra med Norsk Litteraturkritikerlags pris det året. «Vi som frakter oljen», ei novellesamling, kom året etter og var den beinveges årsak til at han fekk Vestfold Arbeiderblads litterære pris 1960. Så kom «Fabelnetter» (1961). For den fekk han Oslo Riksmålsforenings litteraturpris for 1962. I 1963 kom «Judith. Blader fra en kystskippers dagbok», i 1965 romanen «Kjære Emanuel. Et brev fra en morder» og i 1966 novellesamlinga «En dagdrivers oppteignelser.»

Gunnar Bull Gundersen er òg kjend for fjernsynsdrama og høyrspel: «Kapteinen og salongpiken», «Noe å glede seg til», «Korridorene» og «Beklager hvis jeg forstyrrer».

Så om stykket i kveld er Gunnar Bull Gundersens første for sceneteatret, er han likevel ingen debutant. Gjennom arbeidet sitt i radio og fjernsyn, og no i det siste som instruktør av to skodespel for Riksteatret, er bakgrunnen hans kanskje traustare enn for dei fleste av yngre, lovande norske forfattarar som skriv til scenebruk.

b15g 148745